



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 06.04.2018

Saksliste

Godkjenning av innkalling og saksliste

<u>16/18 Møteinnkalling Møre bispedømmeråd 06.04.2018</u>	<u>3</u>
---	----------

Godkjenning av protokoll

<u>17/18 Protokoll 26.02.2018</u>	<u>5</u>
---	----------

Tilsettingssaker

<u>18/18 Tilsetting av sokneprest i Tresfjord og Vike sokn i Indre Romsdal prosti.</u>	<u>14</u>
--	-----------

Saker til behandling

<u>19/18 Høyring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - 2. gongs handsaming</u>	<u>15</u>
<u>20/18 Kyrkjemøtet 2018 - førebuing</u>	<u>98</u>
<u>21/18 Reduksjon i tilskot til administrativ hjelp for prostane i Møre.</u>	<u>104</u>
<u>22/18 Vurdering av eventuelt salg av Surnadal prestebustad i Indre Nordmøre prosti.</u>	<u>109</u>

Orienteringssaker

<u>23/18 Orienteringer 06.04.2018</u>	<u>116</u>
---	------------

Referatsaker

<u>24/18 Referatsaker 06.04.2018</u>	<u>118</u>
--	------------



MØTEINNKALLING

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 06.04.2018 kl. 10:00
Sted: Møre bispedømekontor
Arkivsak: 17/00414
Arkivkode: 421

Mulige forfall meldes snarest til Silvia Slenes Andersen, sa472@kirken.no, tlf. 71 25 06 78

Forfall: Rikke Kopperstad Vara: Ole Martin Grevstad
 Maren Elgsaas Jenssen Hilde Vatne Lande
 Anette Fredly

Litt om dagen:

- Åpning i kapellet kl 09:45 v/**Therese Utgård**
- Lunsj sammen med staben kl 11:45

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

[16/18](#) Protokoll 26.02.2018

Tilsettingssaker

[17/18](#) Tilsetting av sokneprest i Tresfjord og Vike sokn i Indre Romsdal prosti.
- *Unntatt offentlighet*
Saksordfører: Olav Rønneberg

Saker til behandling

[18/18](#) Høyring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - 2. gongs
handsaming
Saksordfører: Ingeborg Midttømme

[19/18](#) Kyrkjemøtet 2018 – førebuing
Saksordfører: Olav Myklebust

[20/18](#) Reduksjon i tilskot til administrativ hjelp for prostane i Møre
Saksordfører: Therese Utgård

[21/18](#) Vurdering av salg av Surnadal prestebustad i Indre Nordmøre prosti
Saksordførere: Per Eilert Orten

Orienteringssaker

[22/18](#) Orienteringer 06.04.2018

Referatsaker

[23/18](#) Referatsaker 06.04.2018

Skriv inn sted. 22.03.2018



MØTEPROTOKOLL

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 26.02.2018 kl. 10:00 – 16:30
Stad: Møre bispedømekontor
Arkivsak: 17/00414

Til stades: Ann Kristin Sørvik, Therese Kristin Børnes Utgård, Anette Fredly Olav Christian Rønneberg, Ingeborg Midttømme, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Olav Myklebust, Per Eilert Orten, Hilde Vatne Lande

Møtande varamedlemer: Hilde Vatne Lande

Forfall: Maren Elgsaas Jenssen

Andre: Bjørn Olaf Storhaug (sekr), Stein Karstensen (tillitsvald), Arvid Helle Bente Hjertenæs (sak 13/18), Inger Marie Sylte, Torill Holm (sak 10/18), John Erik Brakstad (sak 12/18)

Hilde Vatne Lande og Anette Fredly fekk permisjon i sak 12/18 og i orienterings- og referatsaker.

SAKSLISTE

Side

Godkjenning av innkalling og saksliste

[1/18](#) Godkjenning av innkalling og saksliste 3

Godkjenning av protokoll

[2/18](#) Protokoll Møre bispedømeråd 15.12.2017 3

Tilsettingssaker

3/18	Tilsetting av fengselsprest i Ålesund fengsel - <i>Unntatt offentlighet</i>	3
----------------------	--	---

Saker til behandling

4/18	Rekneskap 2017	4
5/18	Prosjekt – ENØK i kirkebygg i Møre	5
6/18	Budsjett 2018	6
7/18	Årsplan 2018	6
8/18	Årsrapport 2017 - <i>Unntatt offentlighet</i>	6
9/18	Endring av prostigrenser i Møre bispedøme	7
10/18	Status og satsing på ungdomsdemokratiet	7
11/18	Høyring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - Orientering og 1. gongs handsaming	8
12/18	Kystpilegrimsleia - orientering om status	8
13/18	Møte med Kirkens Nødhjelp	8

Orienteringssaker

14/18	Orienteringssaker 26.01.2018	9
-----------------------	------------------------------	---

Referatsaker

15/18	Referatsaker 26.02.2018	9
-----------------------	-------------------------	---

26.02.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste**1/18 Godkjenning av innkalling og saksliste****Møtebehandling**

Innkalling og saksliste godkjent. Sak 3/18 og 8/18 blir handsama for lukka dører.

Votering

Samrøystes

Vedtak

Innkalling og saksliste godkjent. Sak 3/18 og 8/18 blir handsama for lukka dører.

Godkjenning av protokoll

2/18 Protokoll Møre bispedømeråd 15.12.2017**Forslag til vedtak**

Protokoll frå møte 15.12.2017 vert godkjent.

Møtebehandling**Votering**

Samrøystes

Vedtak

Protokoll frå møte 15.12.2017 vert godkjent.

Tilsettingssaker**3/18 Tilsetting av fengselsprest i Ålesund fengsel**

Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Forslag til vedtak

Forslag til vedtak i tilsettingssaka går fram av innstillingsprotokollen.

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Rønneberg

Etter at votering var gjennomført og saka avslutta, vart det oppdaga at voteringa ikkje hadde gått rett føre seg, jfr §7.6 i regler om formene for bispedømerådets verksemd. Det vart seinare difor gjennomført ny votering seinare i møtet

Votering

Votering vart gjennomført to gonger, første votering feil.

Det vart gjennomført skriftleg avstemming:

1. avstemmingsrunde: stemmelikhet
2. avstemmingsrunde:
 - Erlend Lunde 6 stemmer
 - Emil Knardal 4 stemmer

Vedtak

Som fengselsprest i 40% i Ålesund fengsel tilsettes

- som nr 1: Erlend Lunde
- som nr 2: Emil Knardal

Protokolltilførsel

Therese Utgård ber om en protokolltilførsel. Hun ber om at det protokolleres at hun ber om at bispedømmerådet ved en senere anledning får bedre opplæring og en gjennomgang av rutinene og bispedømmerådets prosess ved tilsettingssaker.

Saker til behandling**4/18 Rekneskap 2017****Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tar rekneskap for 2017 til orientering

Møtebehandling

Saksordførar: Frode Rabbevåg

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd tar rekneskap for 2017 til orientering

5/18 Prosjekt – ENØK i kyrkjebygg i Møre

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd godkjenner hovudlinjene i prosjektet Energiøkonomisering i Kyrkjebygg i Møre, men viser til merknadane som kjem fram i administrasjonen si saksutgreiing og konsekvensar for samansetninga av prosjektgruppa.
2. Møre bispedømeråd godkjenner ikkje prosjektbudsjettet slik det er skissert frå prosjektgruppa, og viser til merknadane frå administrasjonen si saksutgreiing.
3. Møre bispedømeråd støttar prosjektet med kr. 40 000 ved å omfordele ovf.midlar.
4. Bispedømerådet ber stiftsdirektør følgje opp vedtak overfor prosjektgruppa og eventuelt inngå avtale om prosjektleiar innanfor ramma av godkjent budsjett.

Møtebehandling

Saksordførar: Anette Fredly

Forslag til endring:

Nytt punkt 1: Møre bispedømeråd ser på Energiøkonomisering i kyrkjebygg som et pilotprosjekt som kan få nasjonale ringverknadar.

Tillegg til nytt punkt 2: Ut frå økonomiske vurderingar kan Møre bispedømerådet ikkje godkjenne prosjektbudsjettet slik det ligg føre.

Tillegg til nytt punkt 2: Møre bispedømeråd ber stiftsdirektøren finne fleire eksterne kilder for finansiering.

Votering

Samrøystes

Vedtak

1. Møre bispedømeråd ser på Energiøkonomisering i kyrkjebygg som eit pilotprosjekt som kan få nasjonale ringverknadar.
2. Ut frå økonomiske vurderingar kan Møre bispedømerådet ikkje godkjenne prosjektbudsjettet slik det ligg føre. Møre bispedømeråd støttar prosjektet med kr. 40 000 ved å omfordele Ovf-midlar. Møre bispedømeråd ber stiftsdirektøren finne fleire eksterne kjelder for finansiering.
3. Bispedømerådet ber stiftsdirektør følgje opp vedtak overfor prosjektgruppa og eventuelt inngå avtale om prosjektleiar innanfor ramma av godkjent budsjett.

6/18 Budsjett 2018

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømmeråd vedtar budsjett 2018.
2. Ved større endringar i føresetnadene for budsjettet ber bispedømmerådet om å få revidert budsjett til handsaming.

Møtebehandling

Saksordførar: Ann-Kristin Sørvik

Til møtet lå det ikkje føre tildelingsbrev for 2018, som er ei føresetnad for budsjetthandsaming. Stiftsdirektøren foreslår endring av pkt 1 til: Møre bispedømmeråd tar budsjett 2018 til orientering.

Votering

Samrøystes

Vedtak

1. Møre bispedømmeråd tar budsjett 2018 til orientering.
 2. Ved større endringar i føresetnadene for budsjettet ber bispedømmerådet om å få revidert budsjett til handsaming.
-

7/18 Årsplan 2018

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar Årsplan 2018

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Myklebust

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtar Årsplan 2018

8/18 Årsrapport 2017

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar årsrapport 2017 til orientering

Møtebehandling

Saksordførar: Ann-Kristin Sørvik

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd tar årsrapport 2017 til orientering

9/18 Endring av prostigrenser i Møre bispedømme

Forslag til vedtak:

1. Møre bispedømmeråd legger fram for høringsinstansene forslag til endring av prostiinnndeling for Møre bispedømme slik det går fram av saksframstillingen og utkast til høringsbrev.
2. Møre bispedømmeråd foreslår at endringer i prostiinnndeling for Møre bispedømme gjøres gjeldende fra 1. januar 2019 der det ligger til rette for det. For øvrig gjeldende fra 1. januar 2020.
3. Saken sendes ut på høring med høringsfrist 15. mai 2018.

Møtebehandling

Saksordfører: Per Eilert Orten

Forslag til endring:

Ingeborg Midttømme:

Saken utsettes til et passende møte. Stiftsdirektøren tar momenter fra Kirkemøtets behandling og vedtak om grensereguleringer i Møre og Romsdal inn i høringsdokumentet.

Votering

Samrøystes

Vedtak

Saken utsettes til et passende møte. Stiftsdirektøren tar momenter fra Kirkemøtets behandling og vedtak om grensereguleringer i Møre og Romsdal inn i høringsdokumentet.

10/18 Status og satsing på ungdomsdemokratiet

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar orientering om status for satsing på ungdom og ungdomsdemokrati til vitande.

Møtebehandling

Saksordfører: Anette Fredly

Samtale om ungdomsarbeid og ungdomsdemokrati. Orientering om Ungdomstinget i Møre

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd tar orientering om status for satsing på ungdom og ungdomsdemokrati til vitande.

11/18 Høyring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - Orientering og 1. gongs handsaming

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek saka til orientering. På bakgrunn av diskusjonen i dette møtet, bed bispedømerådet om at det vert utarbeida eit forslag til eit høyringssvar til handsaming i eit seinare møte i bispedømerådet.

Møtebehandling

Saksordførar: Rikke Kopperstad

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd tek saka til orientering. På bakgrunn av diskusjonen i dette møtet, bed bispedømerådet om at det vert utarbeida eit forslag til eit høyringssvar til handsaming i eit seinare møte i bispedømerådet.

12/18 Kystpilegrimsleia - orientering om status

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek orienteringa om Kystpilegrimsleia til vitande.

Møtebehandling

Saksordførar: Ingeborg Midtømme

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd tek orienteringa om Kystpilegrimsleia til vitande.

13/18 Møte med Kirkens Nødhjelp

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd takkar Kirkens Nødhjelp for informasjon og samvirke

Møtebehandling

Saksordførar: Therese Utgård

Informasjon, presentasjon og samtale med regionleiar i KN – Bente Hjertenæs

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd takkar Kirkens Nødhjelp for informasjon og samvirke

Orienteringssaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
14/18	18/01078-1	Orienteringssaker 26.01.2018

Munnlege orienteringar: Olav Myklebust som representant i Kyrkjerådet

Referatsaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
15/18	18/01078-3	Referatsaker 26.02.2018

Dette punktet i sakslisten er begrenset.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Ole Kristian With Due	610	18/00239-6	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Møre bispedømeråd 2016-2019	06.04.2018

Høring: justering av hovudgudstenesta og almenne føresegner - 2. gongs handsaming

Saksorientering

Viser til Møre bispedømeråd si første gongs handsaming av høring av justert ordning for hovedgudsteneste (26.02.2018, sak 12/18).

På bakgrunn av saka har ein utarbeidd eit forslag til høyringssvar frå Møre bispedøme (og evt. også Møre biskop) som med dette vert lagt fram for rådet.

Møre bispedøme etterspurde ei nynorsk omsetting av høyringsmaterialet frå Kyrkjerådet, og har fått eit vedlegg til høringa med omsettingar av nokre fleir av dei viktigaste tekstane. Dette er lagt ved denne saka, og ligg til grunn for forslag til høyringssvaret for Møre bispedøme.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtek det framlagte forslaget til høyringssvar med dei endringar som kom fram i møtet, og bed om at høyringssvaret vert sendt til Kyrkjerådet.



Vår sakshandsamar
Ole Kristian With Due

Til

Kopi til

Forslag til høyringsvar frå Møre bispedømeråd

Høyringa om «Justering av hovudgudstenesta og alminnelige bestemmelser» (Kyrkerådet 05.01.2018)

Innleiing til handsaming av saka

Kyrkerådet sendte 05.01.2018 ut «Høring om Justering av hovudgudstenestene og alminnelige bestemmelser». Høyringa vart førebels handsama i Møre bispedømeråd 26.02.2018 i sak 12/18, og Bispedømerådet bad om at vert utarbeida eit forslag til høyringsvar på bakgrunn av diskusjonen i møtet. Dette forslaget ligg no føre.

Forslaget til høyringsvar gjeld for både Møre bispedømeråd og Møre biskop, sjølv om vi berre brukar «Møre bispedømeråd» nedanfor.

Høyringa er delt inn i sju tema/delar, med ulike spørsmål i kvar del. Nokon stader er spørsmåla knytt til enkeltpunkt i gudstenesta, medan andre stader er spørsmåla meir generelle. I det følgjande forslaget til høyringsvar vert kvart spørsmålahandsama for seg, men for å gje eit betre oversyn følgjer høyringsvara rekkefølga i gudstenesteordninga der det let seg gjera.

Det opphavlege høyringsbrevet og høyringsutkastet var på bokmål, og materialet var basert på bokmålsversjonen av liturgien, utan nynorske omsettingar av fleire tekstar. Etter at Møre bispedøme bad om det, utarbeidde Kyrkerådet også eit vedlegg med nynorsk tekst til nytt forslag til samlingsbøn, forbøn, og nattverdbønene B, E og G. Vedlegget presiserer likevel at «det er naudsynt å lese bokmålsforslaget for å skjønne kva for nokre ledd som vert endra (...)». Difor må vi diverre legge både høyringsbrevet og høyringsutkastet på bokmål til grunn der det ikkje finns nynorske tekstar, som t.d. i sjølve høyringsspørsmåla, rubrikkar i liturgien, og anna. Det vert difor noko blanding av målføre i det følgjande.

Høyringsvar frå Møre bispedøme på Kyrkerådet si høyring om justering av hovudgudstenesta og allmenne føresegner (Kyrkerådet 05.01.2018)

Innleiing

Møre bispedømeråd viser til høyringsbrevet frå Kyrkerådet av 05.10.2018, og takkar for høvet til å svare på høyring om justering av ordninga for hovudgudsteneste og allmenne føresegner, og er glad for at det er gjort eit arbeid for å tilpassa gudstenesteordninga etter erfaringane etter innføringa av gudstenesteordninga i 2011.

I tillegg til å svare på høyringsspørsmåla, ynskjer Møre bispedømeråd også å gje nokre generelle tilbakemeldingar om høyringa:

Bispedømerådet er glade for at det vert gjennomført ei høyring og at erfaringar frå åra med gudstenesteordninga som vart innført i 2011 vert lagt til grunn. Bispedømerådet ser at eit omfattande arbeid med både forskning og andre undersøkingar ligg til grunn for høyringsforslaget. Sidan dette også er ei «justering» av ordninga, kan ein velje å ikkje høyre kyrkjelydane (jf. Regler for saksbehandling i liturgisaker §4). Kyrkjerådet vender seg ikkje direkte til kyrkjelydane som høyringsinstans, men har vedteke at kyrkjelydane er «velkomne til å delta» i høyringa). Møre bispedømeråd ynskjer likevel å peika på at kyrkjelydane burde vore formell høyringsinstans i saka, særskilt med tanke på spørsmåla i tema 1 og 2. Utviklinga av gudstenestereforma viser (som kyrkjerådet også skriv i høyringsforslaget, s 4) at ein grundig samtale på lokalkyrkjeplan om den liturgiske ordninga er naudsynt. Det er usikkert om eit justert høyringsforslag på det grunnlaget denne høyringa har, i stor nok grad tek omsyn til kyrkjelydane sine behov for å koma med sine erfaringar og innspel, og med det kan ordninga miste legitimitet og forankring lokalt.

Møre bispedømeråd saknar også ei heilskapsvurdering i arbeidet med justeringa av gudstenesteordninga. Det er nyleg vedteke faste kyrkjemusikalske ledd, og ny dåpsliturgi vart vedteke i fjor. Høyringsbrevet har ingen vurdering om t.d. korleis dåpsliturgien med sine val, påverkar resten av gudstenesta, med forbøn, lystenning, og val av nattverdbøn.

Møre bispedøme erfarer at mange stader er utvikla ein praksis med bønnevandring saman med nattverd. Når det når den justerte gudstenesteordning ikkje lenger gjev høve til dette, vil desse kyrkjelydane måtte bryta med denne praksisen.

Møre bispedøme ynskjer å peika på at det er behov for at ein arbeider godt med liturgien på nynorsk. Når liturgi vert utarbeidd på bokmål, for så å bli «omsett» til nynorsk, er ikkje resultatet ein nynorsk liturgi, men ei nynorsk *omsetting* av bokmålsliturgien. Vi ynskjer å utfordre NFG til å bruke meir nynorsk meir dei driv liturgisk språkarbeid. Møre bispedøme er glade for at dei etter førespurnad fekk nynorsk omsetting av nokre av tekstane i liturgien, men vil peika på at ein hadde forventa at heile liturgien låg føre på nynorsk.

Høringstema 1: Hvordan øke kvaliteten og antall deltakere i gudstjenesten.

Høringsspørsmål 1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

Møre bispedøme meiner gudstjenestereforma har hatt både positive og negative sider for gudstjenestelivet i kyrkjelydane. På den eine sida er det ei positiv utvikling at det er fleire gudstjenester med nattverd og auka oppslutning om nattverd. Det er også veldig positivt at det er meir involvering i kyrkjelydane der det fungerer, særskild med tanke på medliturgar. At gudstenesta fornyar seg, er stort sett positivt motteke, sjølv om ein kan vere ueinig i korleis ny ordning skal vere. Gudstjenestereforma har fungert fornyande og rekrutterande for nokre kyrkjelydar, særskild i samband med trusopplæringsreforma, og gjerne på tross av frustrasjonar kring ukjend musikk o.a.

Samstundes har også gudstjenestereforma hatt motsett verknad nokre stader. Involvering av konfirmantar som medliturgar fungere stort sett ganske godt, men for andre er terskelen for høg for å vere involvert som t.d. medliturg, slik at ein kan få problem med å få til involvering. Det at mykje nytt er ukjend, auka nattverdfrekvens og auka arbeidsmengd knytt til gudstjenesteførebuingane, bidreg nok også til lågare involvering.

Ei anna utfordring er at det til ein viss grad skjer ei «utskifting» av den gudstenestefeirande kyrkjelyden nokre stader, der nye kjem til gjennom trusopplæringsarbeid og anna kyrkjelydsarbeid, eller vert rekruttert til involvering i gudstenesta, medan endringar som verkar framandgjerandefører til at andre fell frå. I små kyrkjelydar har ein gjerne ikkje mykje rekrutteringsgrunnlag, slik at ein kan risikere å miste den faste kjernen i gudstenestelivet og ende opp med gudstenester der det stort sett er dåp eller tilhøyrande til trusopplæringstiltak til stades

Høringsspørsmål 1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereformen?

Det som har fungert godt, er særskilt involveringsdelen som har opna opp gudstenestedeltaking mange stader, og rekruttert nye inn i gudstenestearbeidet.

Nokre stader har også stadeigengjering og fleksibilitet fungert godt og ført til ei fornying, med t.d. val av lokalt forankra musikk, og at planarbeidet med lokale gudstenesteordningar har ført større eigarskap til gudstenesta.

Fokuset på nattverd og på utdelingsform med intinksjon har også vore ei utvikling som har fungert særst godt. Trusopplæringsreforma er også viktig, og gudstjenestereforma har fungert godt i samband med trusopplæring.

Stadeigengjering og fleksibilitet, har også vore ei utfordring av di den har fungert framandgjerande både mellom sokn, men også lokalt. I mange av kyrkjelydane er også gudstenestefrekvensen veldig låg, men framandgjering etter gudstjenestereforma gjer at ein går mindre over soknegrensar når det ikkje er gudstenester i den eigne kyrkjelyden.

Det er også ein tendens til at lengda på gudstenesta har auka, til om lag 90 minutt frå om lag 60. Dette heng sjølvstamt saman med mykje dåp, færre gudstenester totalt og nattverd i fleire gudstenester – men sjølv liturgien vart også lengre i 2011. Gudstenestene har gjennomgåande hatt for mange valalternativ, også etter at ein har fastsett lokal grunnordning.

Samstundes har gudstjenestereforma også ført til eit mykje større arbeidspress på kyrkjelege tilsette. Årsaka er at med fleire lokale grunnordningar (ofte innanfor same tenesteområde eller kommune), og med fokus på involvering i gudstenesta, krev gudstjenestearbeidet mykje meir førebuing enn før 2011. Der prestar eller andre ikkje har tid til grundig førebuing av gudstenesta, går det også ut over kvaliteten på gudstenestene. Det er også mykje vanskelegere å skaffe vikarar på grunn av variasjonen i gudstjenesteordningane.

Høringsspørsmål 1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Møre bispedømeråd meiner ein må rette særskild merksemd mot:

- Samspelet mellom gudstenesteliv og kyrkjelydsliv generelt. Involveringa har vore viktig, og det bør ein fortsetta med. Samstundes kan ikkje gudstjenestearbeidet stå på eigne bein i kyrkjelydane. Kan ein arbeide med kyrkjelydsutvikling gjennom gudstjenestearbeidet?
- Vidare tilrettelegging for barn og unge til nattverd, og god inkludering av trusopplæringstiltak i gudstjenestearbeidet.
- Større gjenkjenning i liturgien, utan at det går ut over fleksibiliteten.
- Arbeide særskilt med den trusstyrkande dimensjonen i gudstenesta.

Høringsspørsmål 1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

Møre ser først og fremst at ein treng å styrke attkjenninga i gudstenesta. Når det er sagt, er detsamstundes viktig å leggja til rette for varierte gudstenesteuttrykk. Men kanskje skal ein vurderer å lage eigne ordningar for desse gudstenestene, heller enn at alle gudstjenester skal vere basert på hovudordninga? Den gamle familiegudstenesta er eit døme på dette: Det var ei klar «sideordning» til høgmesse, og ein kunne lett kjenne ho att som det, men etter gudstenestereforma har det vore vanskeligare å laga barne- og familiegudstjenester som har same attkjenning som hovudgudstenesta eller familiegudstenesta.

Høringstema 2: Alminnelige bestemmelser for hovedgudstjenesten

Høringsspørsmål 2: Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?

Møre bispedømeråd meiner at lokal grunnordning fortsatt bør godkjennast av biskopen. Med mange små kyrkjelydar er det behov for å sjå gudstenesteordningane i ein større samanheng.

Høringstema 3: Justeringer i hoveddel I. Samling, ledd 1 – 8

3a: Ledd 1 Forberedelse:

Møre bispedømeråd støtter endringa i høringsspørsmål med obligatorisk opent kyrkjerom før gudstenesta.

3b: Ledd 1 Forberedelse:

Møre bispedømeråd støtter ikkje endringa i høringsspørsmål med presisering av at eventuell info om dagen skal vere kort. Informasjonen om gudstenesta må vere så tydleg at alle kan ta del, utan at det vert behov for meir info undervegs.

3c: Ledd 2 Inngangssalme:

Møre bispedømeråd støtter ikkje denne endringa. Det er etter det Møre bispedøme erfarer få kyrkjelydar som står ved inngangssalmen dersom det ikkje er prosesjon, eller dersom prosesjonen er under preludiet i staden. Å gjera det obligatorisk å stå ved inngangssalmen, vil for mange kyrkjelydar i Møre opplevast som sin stor endring, og skape uro. Der også stor forskjell på korleis dette fungerer i kyrkjelydar der det er mange eller få deltakarar.

Dersom ein likevel ynskjer ein felles praksis, vert det foreslått at ein heller fjernar høvet til å stå under inngangssalmen (Almenne føresegner pkt. 64), men heldt fast på at ein står ved inngangsprosesjon slik det allereie er i rubrikken til ledd 2 i gudstenesteordninga frå 2011.

3d: Ledd 3 Hilsen:

Møre bispedøme støtter endringa av namnet på leddet til «Hilsen».

Når det gjeldt å stå under helsinga, viser ein til førre spørsmål. Dersom ein likevel står under inngangssalmen, er det naturleg å stå under helsinga også. Det er også viktig at liturgen er ein tydleg leiar av kyrkjelyden, og gjev teikn både til at ein skal reisa seg (dersom ho ikkje er i prosesjonen) og når ein skal setja seg.

Presiseringa av informasjon anten her eller i innleiinga, vert også støtta slik det vert foreslått.

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Møre bispedømeråd støtter forslaget om å endra samlingsbøna til eit valfritt ledd. Ein ynskjer likevel å peik på at dette er ei bøn som mange stader er utforma lokalt, og fungerer godt med bruk av barn og unge som medliturgar. Ein meiner også at særskilde gudstenester med trusopplæringsfokus eller anna fokus på barn og unge, kan vurderast å gje høve til å ha samlingsbøna (sjølvstilt på sin eigen plass i gudstenesta) i staden for Dagens bøn.

Forslaget til nynorsk omsetting av den foreslegne samlingsbøn 9 treng også ei gjennomgang. Møre bispedøme gjev her eit alternativt forslag til tekst, men rår til at Kyrkerådet kvalitetssikrar alle nynorske tekstar grundig.

Forslag til nynorsk omsetting av foreslått forbøn 9

ML: Gud, du skapte alt ved ditt ord,
A: Jorda, havet og himmelen høyrer deg til.
ML: Du omgjev oss med nærværet ditt
A: Kvar celle er berar av di skaparkraft
ML: Anden gjev glede til alt som lever,
A: Og med din Ande lengtar vi etter rettferd,
ML: Om at skaparverket skal løysast frå lenkjene sine
A: at svoltne skal få mat,
ML: at fangar skal få fridom
A: at riket ditt skal koma til jorda med fred. Amen.

Høringsspørsmål 3f: Ledd 5 Syndsbekjennelse: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbekjennelse i høringsforslaget?

Møre bispedømeråd har følgjande kommentarar til leddet syndsvedkjenning i høringsforslaget:

- 1) Ein støttar ei forkorting av leddet ved å ta bort det dobbelte kjærleiksbodet i innleiinga og høvet til takkebønn etter tilseiingsorda.
- 2) Ein støttar å ta bort høve til å søka biskopen om lokalt utforma syndsvedkjenning, samstundes som ein likevel har høve til å nytta andre syndsvedkjenningar på særskilde gudstenester.
- 3) Ein er kritisk til formuleringa «Guds barmhjertighet er stor» av di den knyter Guds miskunn til syndsvedkjenninga på ein måte som i mot intensjonen kan verke reduksjonistisk på gudsbilete og kan forsterka eit bilete av ein streng og dømande Gud. Dersom ein treng ein overgang når samlingsbøna fell bort, bør den i staden uttrykke vår tillit til Gud heller enn ein eigenskap ved Gud.
- 4) Ein meiner at dei tre syndsvedkjenningane som står att i høringsforslaget på ein tilstrekkeleg måte uttrykker ei syndsforståing også «coram Deo» (sjå høyringsbrevet), og at det difor ikkje er naudsynt å laga ein ny fjerde syndsvedkjenning.
- 5) Ein meiner også at forslaget til den fjerde syndsvedkjenninga med uttrykket «...kjenner synda si makt i våre hjarte» uttrykker ei dualistisk syndsforståing som skil mellom mennesket og synda på ein måte som er framand for luthersk teologi. Dersom ein ynskjer å bruke denne bøna, kan ein alternativt byta denne formuleringa med td. formuleringa frå den noverande syndsvedkjenning nr. 6 «kjenner den vonde hug/lysten til det vonde»
- 6) Ein har ikkje kommentarar til den nynorske språkdrakta anna enn det som allereie er nemnd over.

3g: Ledd 6 Bønnerop kyrie:

Møre bispedøme støtter høyringsforslaget sitt forslag om å gjere Kyrieleddet obligatorisk.

3h: Ledd Lovsang gloria

Møre bispedøme har ingen kommentar.

3i: Ledd Dagens bønn: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Møre bispedøme meiner at Dagens bøn ikkje bør vera obligatorisk, men sjåast i samanheng med samlingsbøn og med heilskapen i gudstenesta når det t.d. er dåp. Ein meiner også at det ved spesielle gudstjenester med trusopplæringsfokus eller anna fokus på barn og unge, kan vurderast å gje høve til å ha samlingsbøna (sjølv sagt på sin eigen plass i gudstenesta) i staden for Dagens bøn.

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3?

Møre bispedømeråd meiner at gudstenesteordninga må gje gode høve for kyrkjelyden til å gje respons gjennom salmesong og anna, og det krev også ei tydleg agenda/vegledning.

Høringstema 4: Justeringer i hoveddel II. Ordet, ledd 9 – 17

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Ledd 9 og 10

Møre bispedømeråd har ingen kommentarar til endringane i pkt. 4a g 4b (Ledd 9 og 10).

Ledd 12

Møre bispedømeråd meiner at det ikkje er klokt å gjera Hallelujaomkvedet obligatorisk. I større kyrkjelydar kan det fungera godt, men i mindre kyrkjelydar vert samanhengen mellom halleluja-verset og teksta mykje mindre tydleg.

Det er også slik at i mange gudstjenester, som er fulle av anna innhald, sløyfar ein gjerne ei eller begge lesingane og salmen mellom lesingane. På slike gudstjenester er det små høve til å la salmeval setje preg på dagen, førebu kyrkjelyden på evangelieteksta og tydeleggjera kyrkjeårspreg. Resultatet vert ei statisk gudsteneste, kor det i enda større grad er opp til predikanten åleine å setje dagens tema ut frå evangelieteksta og kyrkjeåret. Møre bispedøme meiner at det fortsatt bør vere høve til å velje salme i staden for hallelujavers.

Den føreslegne rubrikken som gjev høve til salme, anna svarledd, kor eller høgtidsvers som alternativ til Halleluja-responsen, er ikkje tydleg nok, og kan vera forvirrande. Alternativa til halleluja-svar bør tydeleggjerast dersom ein vel å halda fast på obligatorisk halleluja-omkvede.

Ledd 13

Møre bispedømeråd har ingen kommentarar til ledd 13, 14 og 15 (pkt. 4d, 4e og 4f)

Ledd 16 Kunngjeringar

Fleire kyrkjelydar minnst sine døde under kunngjeringane, medan både 2011-liturgien og justeringa som ligg føre her har dette som ein del av forbøna. Møre bispedøme meiner liturgien burde legga til rette for moglegheita til å minnst kyrkjelydens døde i kunngjeringane.

I tillegg til ordinære kunngjeringsopplysningar, opnar også kunngjeringsdelen for å lese opp namn og tenne lys for dåpsbarna. Det kan verte ei utfordring å utvikle kunngjeringsleddet slik at dei ulike element er godt tilpassa til kvarandre. Møre Bispedøme meier at vegleiinga til Ledd 16 bør skissere ein tydlegare regi.

Ledd 17 Forbønn for kirken og verden

Ynskje om å tilpasse hovudgudstenesta til økumenisk praksis og dele den inn i 4 hovuddelar, fjernar hovudledd IV frå hovudgudstenesta og legg forbøna til gudstenesta sin orddel (Hovuddel III). Konsekvensen av ei økumenisk tilpassing fører til at høyringa tek til orde for at det ikkje lenger skal vere høve til å ha bønnevandring som ein del av nattverden. Mange kyrkjelydar har gjort gode erfaringar med å invitere samstundes til nattverd og bønnevandring, og Møre bispedøme kan ikkje sjå at omsynet til økumenisk einskap skal leggje føringar som hindrar kyrkjelydane å vidareføre bønnevandringane som mange stader er godt innarbeidd praksis.

Den nye dåpsliturgien vedteke av Kyrkjemøtet i 2017, har i ledd 7 – Bøn og lovprising høve til at bøn for dei døypte kan verta beden som ein del av forbøna i gudstenesta. Denne moglegheita bør også vere reflektert i forbønsliturgien.

Med omsyn til formuleringane i Forbønnsmodell 4 (fire himmelretningar) opplever Møre bispedømeråd at ordlyden i omkvedet er ueigna som lest kyrkjelydssvar og vil rå til at ein kan bruke anna kyrkjelydssvar dersom kyrkjelyden ikkje syng omkvedet.

Vidare reagerer Møre bispedømeråd på ordlyden i bøn 4 (mot nord). Formuleringa «for vår egen del av kirken og verden» verkar ekskluderande og skapar avstand. Det kommuniserer mykje betre med t.d. bøn 3 (mot sør) om denne delen av bøn 4 får ordlyden «våre søsken her».

Med omsyn til formuleringa i Forbønn 5 (bearbeiding av forbønn 1, Svenska kyrkans handbok) så reagerer Møre bispedømeråd på ordlyden av setning to i siste avsnitt. Det opnar for ny praksis å be for helgenane i vår kyrkje og Møre bispedøme trur at ein slik ny praksis ikkje bør innførast utan ein grundig samtale. Vidare bør verbet stå i presens, sidan vi trur at martyrar ikkje berre høyrer oldkyrkja til, men at dei også finns i dag og vitnar om trua på Gud. Ordlyden bør endrast til «Vi takker deg for helgenar og martyrar som vitnar om deg.»

Møre bispedøme meiner elles den nynorske omsetjinga av forbøn 5 er god.

Gudstenesteordninga opnar for at ofringa ved særskilde høve kan skje anna stad i gudsteneste, t.d. ved utgangen på høgtidsdagar. Rubrikkordlyden bør difor lyde: «dersom det ikke feires nattverd i gudstjenesten, samles takkofferet inn her, eller på høytidsdager, et annet sted i gudstjenesten»

Høringstema 5 Justeringer i hoveddel III. Nattverd, ledd 18-21

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken?

Møre bispedømeråd erfarer at sjølv om både talet på gudstenester og gudstenestedeltakarar totalt går nedover, har både talet på gudstenester med nattverd og talet på nattverdsdeltakarar totalt auka sidan gudstenestereforma vart innført. Ein ser dette som ei positiv utvikling når det gjeld nattverdfeiringa i gudstenesta.

Møre bispedøme erfarer også at utdelingsformene varierer mellom intinksjon og knefall, og at intinksjon får større plass i gudstenestene. Likevel brukar ein også knefall ved alteret, med jamne mellomrom og på særskilde dagar, også i kombinasjon med intinksjon ved andre utdelingsstader. Møre bispedømer kjenner ikkje til at kyrkjelydar i Møre brukar ordninga som er tilrådd i allmenne føresegner pkt. 35.

Møre bispedøme meiner at ordninga med intinksjon har vore svært viktig for å byggja ned hinder for nattverdsdeltaking, gjera det alminneleg i kyrkjelyden å delta, og gje born og unge lettare tilgang til sakramentet. Særskild ser vi at born ofte «leier» fram vaksne som elles aldri ville gått til nattverd. Årsaker til dette kan m.a. vere at nattverden oftare går føre seg i kyrkjeskipet, og dermed oppfattast mindre stiv, og at ein er mindre på utstilling samstundes med at det er meir rørsle i kyrkjelyden. Likevel ser ein også at sjølv om nattverden på denne måten vert meir allmenn, fører det ikkje til at handlinga opplevast mindre «verdig» eller rituelt viktig.

Nokre kyrkjelydar i bispedømet har også hatt gode erfaringar med kombinasjonen av bønnevandring og nattverd, slik det var lagt opp til i 2011-liturgien. Sjå kommentaren til ledd 17 over.

Møre bispedøme er kjend med at ein av utfordringane med intinksjon er at det vert hovudvekt på berre eitt av elementa. På sikt hadde det beste vore at ordninga med bruk av særkalkar også vert vanleg ved ståande nattverd, men samstundes veg det tyngre at nattverden opplevast meir tilgjengeleg med intinksjon.

Møre bispedømeråd tilrår difor at ein ikkje strammar inn på utdelingsmåtar, men at ein tek konsekvensen av at intinksjon er populært og endrar pkt 35 i almenne føresegner tilsvarande, men utan å fjerne oppmuntringa til å bruka særkalkar ved ståande utdeling.

Høringsspørsmål 5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.

2. person i Sanctus /Heilag, heilag

Sjå høyringsbrevet for ei utførlig diskusjon om pronomenet i «Heilag».

Møre bispedømeråd er samd i å behalda andre person i «All jorda er full av din herlegdom», ikkje minst fordi det å skulle gå tilbake til tredje person slik det var i 1977-liturgien vil føre til mer forvirring i kyrkjelydane.

Kropp/Lekam

Møre bispedøme støtter dei alternative utdelingsorda med «kropp». Det er med å normalisere bruken av ordet i overgangen frå «lekam» til «kropp», og vil gjera det meir naturleg på eit seinare tidspunkt å gjennomført bruka ordet «kropp», samstundes som lekam førebels også vert teke vare på i liturgien. Med det unngår vi at liturgiens språk stivnar, men utviklar seg med språkbruken elles.

Kalk/Beger

Møre bispedøme støttar å gjennomføra bruken av «beger» framfor «kalk».

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Ledd 18

Møre bispedøme er einige i at takkofferet inngår nattverdliturgien når det er nattverd, men stiller seg også spørjande til korleis ein tenkjer om kyrkjelydar eller særskilde gudstenester (som t.d.

konfirmasjonsgudstenester) der ein har som sedvane å samla inn takkoffer ved utgangen. Sjå også kommentar om rubrikk i ledd 17 over.

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringforslaget?

Ledd 20

Møre bispedømeråd meiner det er positivt Fredshilsen/Pax no vert eit «kan»-ledd.

Det er også positivt å stramma inn alternative ord til velsigning av born og andre som ikkje skal ta i mot nattverden.

Møre bispedømeråd er også einig i høringforslaget sitt forslag til tilseiingsord, og vil understreka Kyrkjerådets argumentsjon om at forslaget frå NFG si formulering «Vi har tatt imot Jesus» ikkje er eit tilstrekkeleg godt uttrykk for ei luthersk nattverdsforståing.

Ledd 21. Måltidets avslutning

(Vert kommentert her, av di det ikkje var noko høyringsspørsmål som eksplisitt involverer dette leddet)

Høyringsforslaget tek til orde for at alteret ryddast og at beger og disk dekkast med nattverdsklede etter fredsønse og før takkebøna. Møre bispedøme ønskjer å halde fast på gjeldande ordning, der alteret vert rydda og beger og disk vert dekka til etter takkebøna

Høringstema 6: Justeringer i de enkelte nattverdbønnene

Høringsspørsmål 6: Gi gjerne kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene?

Det er positivt at det er tydeleggjort kva delar av liturgien andre enn liturgen kan seie.

Nattverdbøn A

Møre bispedømeråd stiller seg uforståande til at det er naudsynt å gjera dei foreslegne justeringane i nattverdbøn A. Ein meiner at særskilt at ordlyden i siste setning bør behaldast etter noverande ordning: Bøna rettar seg til nådige «Nådige Gud» og bøna til den treeinige Gud vert utydeleg når ein brukar pronomenet «han» i siste setning.

Nattverdbøn B

Møre bispedømeråd meiner at tredje setning i prefasjonsbøna bør få ei språkleg justering og lyde: «Han oppfylte din vilje då han strakte *sine hender ut* på krosstreet»

Nattverdbøn D

Møre bispedøme meiner formuleringa «over brødet og over vinen og over oss» fungerer språkleg dårleg.

Nattverdbøn E

Møre bispedøme meiner at det er godt med ei forenkling i språket i denne bøna. Samstundes meiner vi at det er naudsynt å behalda omgrepet «Din store familie». Sjølv om barn i dag har mange familiekonstellasjonar og kan bera på vonde opplevingar med det å vere familie, er det jo nettopp eit poeng at den familien vi vert ein del av i dåpen, og den familierelasjonen vi har med Gud som far og Jesus som bror er kvalitativt annleis. I staden for at vi skal projisere vår forståing av omgrepet familie på vår relasjon til Gud, redefinerar Kristus familieomgrepet ved korset (jf. Joh 19,26-27) og gjev det et

nytt innhald. Det er viktig å halde fram denne familieførståinga i samband med nattverden – og omgrepet «dine vener» gjev ikkje god nok teologisk uttrykk for fellesskapen i Kristus gjennom dåpen, uttrykt i nattverdsfellesskapen. Møre bispedøme meiner difor at i bøna før innstiftingsorda bør ein halda på formuleringa «der du samlar oss som din store familie».

Nattverdbøn G

Møre bispedøme er glade for at det er laga ei ny nattverdbøn til bruk i lange gudstenester. Møre bispedøme meiner også at ein må vere klar over at i mange kyrkjelydar som har få gudstenester, men mykje som skal inn i dei få gudstenestene ein har, kan denne ordninga stå i fare for å bli ei normalordning.

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?

Ledd 22 Salme

Møre bispedøme erfarer ikkje at det er brei tradisjon for å stå under siste salme i vår gudstenestefeiring, med unnatak av når det er utgongsprosesjon (jf. også inngangssalmen og Møre bispedøme sitt svar i Ledd 2 over) eller ved særskilde høve som 1. påskedag. Møre bispedøme foreslår at ein ikkje gjev høve til å stå under utgongssalmen (med unnatak av prosesjon eller ved særskilde høve), eller gjer det valfritt.

Ledd 24. Utsendelse

Møre bispedøme ynskjer ikkje at ein skal avgrensa høvet til å laga alternative utsendingsord.

Møre bispedøme ynskjer også å foreslå eit alternativ til utsendingsord, basert på Joh 20,21 der Jesus seier «Som Far har sendt meg, sender eg dykk». Dette kan følgjast opp med «Gå i fred» slik som dei andre utsendingsorda, men her fungerer det ekstra godt av di det er eit ekko av Jesu egne ord «Fred vere med dykk» i byrjinga av bibelverset over.

Grunnen til at Joh 20,21 er eit høveleg utsendingsord, er at dette er eit av bibelorda som gjev fundamentet til ei moderne misjonsforståing, der kyrkja sitt oppdrag i både lokal- og det globale samfunnet vert knytt til Jesu eige liv og teneste, og sett i samheng med den gudstenestefeirande kyrkjelyden si teneste utanfor kyrkja. Ei slik misjonal kyrkjeførståing (ekkesiologi) har etter kvart sigla fram i økumenikken som eit fundamentalt perspektiv i ei økumenisk forståing av kva det er å vere kyrkje, og er eit av dei sentrale tema i Kyrkjenes verdsråds Faith and Order-komite sitt dokument «The Church – Towards a Common Vision»

Samstundes er bibelordet allereie brukt ein del som utsendingsord i openberringstida, og vil også gje kyrkjelydane høve til å svare på eit av kyrkjemøtet sine utfordringar i KM 07/2012 Misjon til forandring. I vedtaket pkt 2. skriv dei: «Kirkemøtet utfordrer lokalmenigheten til å se sendelsesdimensjonen i sitt arbeid med evangelisering, diakoni og økumenikk. Kirkemøtet oppfordrer menigheten til at et slikt helhetlig misjonsengasjement styrkes i forkynnelsen, synliggjøres i gudstjenester og i arbeid med lokale planer for trosopplæring, diakoni og kultur.»

Ledd 25. Postludium/Utgangsprosesjon

Møre bispedømeråd meiner at lys i av økumenisk kyrkjeførståing (over) er formuleringa i 2011-liturgien sin rubrikk «Ein kan òg følgja opp det diakonale oppdraget ved utsendinga med fellesskapssamling, soknebod, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre handlingar» gjev eit for snevert bilete av både diakonien og av utsendinga sitt oppdrag. Dette oppdraget er tydleg misjonalt i moderne forstand – vi er som kyrkje sendt til å dele evangeliet i ord og handling lokalt og globalt. Dersom ein skal bruka «oppdrag» i denne rubrikken, bør ein skriva «Ein kan følgja opp oppdraget ved utsendinga med fellesskapssamling, soknebod, anna besøksteneste, forbønsteneste og andre diakonale eller misjonale handlingar.

Høring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser

Høringsdokument

Innhold

1. Innledning.....	s 1
2. Bakgrunn.....	s 2
2.1 Status for gudstjenestereformen.....	s 3
2.2 Forskning på gudstjenestereformen.....	s 3
2.3 Hovedtrekk ved det justerte forslaget til hovedgudstjeneste.....	s 4
2.4 Økumeniske impulser.....	s 5
3. Høringstema 1: Hvordan øke kvaliteten og antall deltakere i gudstjenesten.....	s 6
4. Høringstema 2: Alminnelige bestemmelser for hovedgudstjenesten.....	s 10
5. Høringstema 3: Justeringer i hoveddel I. Samling, ledd 1-8.....	s 11
6. Høringstema 4: Justeringer i hoveddel II. Ordet, ledd 9 – 17.....	s 16
7. Høringstema 5: Justeringer i hoveddel III. Nattverd, ledd 18-21.....	s 17
8. Høringstema 6: Justeringer i de enkelte nattverdbønnene.....	s 22
9. Høringstema 7: Justeringer i hoveddel IV. Sendelse, ledd 22-25.....	s 23

Innledning

Gudstjenestereformen ble innført i alle menighetene i Den norske kirke 1. søndag i advent 2011 ved at den nye tekstboken ble tatt i bruk. Ordning for hovedgudstjeneste og Alminnelige bestemmelser for Ordning for hovedgudstjeneste ble tatt i bruk i de aller fleste menighetene innen utgangen av 2012, etter hvert som menighetene utarbeidet og vedtok sin lokale grunnordning og biskopen godkjente at denne var i overensstemmelse med den nye gudstjenesteboken.

Allerede i 2010 hadde Kirkemøtet vedtatt at «Det legges til rette for erfaringsdeling slik at det kan gjøres justeringer og korrigeringer av den nye ordning i løpet av 3-6 år» (KM 4/10). Slike justeringer i liturgien skjedde også ved den forrige gudstjenestereformen. En ny liturgi for hovedgudstjeneste ble tatt i bruk i menighetene i 1977. Denne ble justert og fullført med nye liturgier etter hvert og ble til slutt samlet i den omfattende gudstjenesteboken som ble utgitt i 1992. En mer omfattende revisjon av dåpsliturgien fra 2011 er gjennomført og ble vedtatt på Kirkemøtet i 2017. En revisjon av tekstboken er planlagt til Kirkemøtebehandling i 2021.

I forslaget som nå sendes på høring, har en ønsket å skape en bedre balanse mellom pdes valgfrihet og variasjon - og pdaas fasthet og gjenkjennelighet, særlig ved å samle seg om færre alternativer i de ordene som *menigheten* fremsier eller synger. På denne måten vil en kunne legge til rette for den *involvering* som skjer ved at den enkelte gudstjenestedeltaker gjenkjenner og «kan liturgien» i større grad enn nå. Dette kan gi en

rekke fordeler både innenfor trosopplæring og diakoni, skape større enhet mellom våre menigheter og kommunisere bedre i vår folkekirke og overfor allmennheten.

Samtidig vil det være rom for variasjon i gudstjenestelivet, særlig i de bønnene som liturgen og medliturger ber, og i gudstjenesteuttrykket. Menigheter har ulike særtrekk, og det må det fortsatt gis rom for.

Når Ordning for hovedgudstjeneste skal justeres, må dette også medføre en kvalitetsforbedring og oppdatering av liturgien språklig og innholdsmessig. I det forslaget som her legges fram, har dette særlig skjedd i nattverdbønnene. At alle nattverdbønnene innledes med den samme vekselangen mellom liturg og menighet (prefasjonsdialogen), vil gjøre det tydelig når nattverdliturgien starter og menigheten skal reise seg. Påkallelse av Ånden (epiklesen) er blitt mer variert utformet i de enkelte nattverdbønnene og noen flere momenter i nattverdbønn B (etter Hippolyt) er tatt inn. Også noen andre bønner er inkludert i ordningen og referanser til Norsk salmebok er tatt inn. Forslaget inneholder også eksempler på at ledd i liturgien endres fra å være obligatorisk til å bli fakultativ (bl annet Samlingsbønnen) og motsatt (bl a Dagens bønn).

Noen korte veiledninger om hvordan liturgien skal utføres er tatt inn i det nye forslaget i form av såkalte rubrikker (rød skrift). I ordningen fra 2011 finnes det få veiledninger om dette.

Når det gjelder Alminnelige bestemmelser for Ordning for hovedgudstjeneste (2011) er er dette regelverket i liten grad blitt drøftet i høringsdokumentet. Kirkerådet nøyter seg med å fastslå at der et ledd i liturgien endrer status, må Alminnelige bestemmelser justeres i tråd med dette. Spørsmålet om endringer i godkjenningprosedyrer for menighetens lokale grunnordning og ansvarsfordeling i menighetens gudstjenestearbeid er derfor drøftet ganske kortfattet..

